

Kjære medlemmer og gode kollegaer

Akkurat no tenker eg at ingen, absolutt ingen, kjem til å gløyme 2020.

Året då Norge og verden stoppa opp av eit virus. Over natta måtte me omstille oss til heimeskule, barnehage og kontor. Digitale møter og sosial nedstenging. Som organisasjon har det vore ei krevjande tid. Me manglar mange av dei treffpunkta som me har hatt. Treffpunkt som har gitt nyttig kunnskap, og vore grobotn for fruktbare samarbeid. Samtidig harden digitale løysinga gitt oss nokon nye moglegheiter for effektive møter, der me kan lukte så mykje fjøs me berre vil, og ingen risikerer parkeringsbot. Så ja takk begge deler er mi meining etter eit år med stort sett berre digitale møter.

2020, året som vi nå har lagt bak oss, har bydd på store utfordringar og nye moglegheiter for oss som samfunn og som bønder. For dei fleste av oss bønder har ting gått seg relativt greitt til, og me har kunna glede oss over meir sal av norske produkt, som følgje av stengde grenser. Det at me raskt blei definert som *samfunnskritisk gruppe* var viktig og riktig, og eg må føye til: Det kjendest godt! Etter ein vinter med mykje mas om kjøttkutt og stempel som klimaverstingar, var det herleg at regjeringa sa: *Bønder må me ha, dei sikrar matforsyning til landet*. For enkelte i næringa vart det heller store utfordringar for å sikre nok produksjon. Spesielt grøntnæringa vart hardt råka av nye restriksjonar, og mange har tatt tøffe og krevjande val då usikkerheita rundt arbeidskraft og

korleis ting utviklar seg stod på som verst. Bondelaget var raskt på ballen, og har jobba strategisk for å minske bonden sin risiko: Erstatningsordningane vart utvida, og ein sto på for å skaffe arbeidskrafta grøntsektoren er avhengig av. Alt i alt kom vi oss gjennom 2020, og me har levert! Ingen har lagt seg svoltne på grunn av tomme matbutikkar.

Jordbruksforhandlingane 2020 vart gjort svært forenkla i år. Utifrå det som låg i korta i vår, meiner eg det var ei rett avgjerd på det tidspunktet. Når me no nærmar oss eit nytt jordbruksoppgjjer, har me klare forventingar til at det vert eit ordentleg oppgjjer, og at det vert godt.

Som næringa har me vist at me kan levera når det trengs, den beredskapen kjem ikkje av seg sjølv. Det krev at me har ein grunnstamme av husdyr, og at nokon sitt på kunnskapen om korleis stelle dyra, samt kunnskap til å dyrke både gras, korn og grønsaker.

Me merkar at no er ting meir tilbake til normalen, og etter ei lita koronapause må vi rekne med nye tøffe tak i klimapolitikken, minne forbrukaren på å kjøpe norsk, og sørgje for at ikkje våre produksjonsareal, matjorda, vert lagt under asfalt.

Etter fleire år med overproduksjon og høge omsetningsavgifter vil me òg merke ein kamp internt når ein skal forme krav til årets jordbruksoppgjjer. Når krybba er tom bitast hestane, heiter det. Me må ta inn over oss



Foto: Cathrine Lie

at eit jordbruksoppgjjer ikkje er eit NM i kven som har det verst og tener minst, men jobbe for ei god forståing vidare opp i systemet for ulike utfordringar og ulike produksjonar. Det vil vera viktig for dagens og framtidens bønder at alle blir sett og anerkjent for jobben som vert lagd ned.

Til sist vil eg minne alle på at bondelaget sitt arbeid handlar om så mykje meir enn jordbruksoppgjjer. Det handlar om å synleggjere verdien av norsk landbruk, sikre oss ein marknad og begrense kostnadene våre. Til dømes: Me jobbar for at kjøttkutt ikkje vert eit klimatiltak, eller at mineralgjødsel vert avgiftsbelagt. Det har òg vore mykje arbeid i forbindelse med Storbritannia sin utgang av EU, og nye handelsavtalar som skulle på plass.

Som bondelag skal me fortsette kampen i små og store saker som er viktig for den norske bonden. Eg håper du fortsatt vil være med på laget- BondelAGET.

Marit Epletveit,
Fylkesleiar i Rogaland Bondelag



Spesialisten
på bank og
forsikring for
landbruk!

Bank og forsikring for landbruket

Vi er spesialister på finansiering og forsikring for landbruket. Som medlem i Norges Bondelag kan du blant annet få Bondelagets personforsikringer med svært gode dekninger til markedets beste priser. Ønsker du en gjennomgang? Ta kontakt for en bank- eller forsikringsprat.

Les mer om dine medlemsfordeler på: Landkredd.no/nb

Ny bonde?

Vi ønsker å gjøre etableringsfasen som bonde litt enklere. Derfor tilbyr vi nå Ny bonde-lån fra 1,99 %.

Les mer på Landkredd.no eller ring oss på 23 00 08 00.



Landkredd
Bank | Fond | Forsikring | Eiendom

Viktige næringspolitiske saker i 2020

Det har vært et annerledes år, som har ført til at vi har måtte jobbe med noen nye saker. Men flere politiske saker har gått sin gang, korona til tross. Her er noen av dem:

Handel etter Brexit

Brexit har ført til at Norge må forhandle med britene om videre handel. Dette har ført til en innenriks uenighet i deler av norsk næringsliv, der enkelte aktører har tatt til orde for å bytte tilgang på norsk fisk mot kvoter for britiske jordbruksprodukt. Dette har bondelaget vært klart imot, og har arbeidet med å få Venstre og andre med på laget for å unngå økt import av jordbruksprodukt som vi fint kan produsere selv. Resultatet av dette vil vi se i 2021.

Klima

Klima og Klimakur 2030 har vært et hett tema i hele Norge. Vi har arbeidet for at Regjeringa og Stortinget skal holde seg til klimavtalen med jordbruket, som ikke legger opp til kutt i forbruk av animalske produkt. Vi har òg invitert fylkespolitikere fra Arbeiderpartiet på befarings av beiter og diskusjon om jordbrukets egne tiltak for å redusere utslipp uten å måtte kutte i produksjon.

Veiskulder til jordbruksformål

Veikanter og hvordan bonden skal forholde seg til disse, har også blitt tatt opp. Gjesdal Bondelag sender inn ett forslag til hvordan Nye Veier AS kan tilpasse veiskuldrer, slik at de kan bli brukt til jordbruksformål. Dette er godt jordvern og gir bonden et ekstra verktøy til å nedkjempe ugress. Det vil bli tatt opp i Stortingets spørretime.

Utenlandsk arbeidskraft

Da grensene i praksis ble stengt i mars, rett før de mest arbeidsintensive månedene i våronna starter, ble det hektisk. Landbruket ble klassifisert som en samfunnskritisk funk-



Tarjei Gjesdal kørte oss ut i beitet. Frå venstre: Arnfinn Auestad, leiar i Gjesdal Bondelag og medlem i klimautvalet til Rogaland Bondelag, Lin Veronica Jacobsen (Ap), Tom Kalsås (Ap), Ole Martin Eikeland nestleiar i Rogaland Bondelag og leiar av klimautvalet, Irene Holta Tjøstheim, org. sjef, og Marit Epletveit, fylkesleiar i Rogaland Bondelag.

sjon, men det ble utfordrende å få arbeiderne over grensa. Rogaland Bondelag arrangerte tidlig møte for grøntprodusentene sammen med Norges Bondelag. Norges Bondelag hadde da (og nå) samarbeidsmøte med blant annet grøntorganisasjonene, LMD og UDI hver- eller annenhver uke. Det ble også inngått et samarbeid med Nav Marked Rogaland, som rekrutterte arbeidskraft til noen av gartneriene.

Økt spredning av landøyda

Landøyda er en giftig plante for hest og storfe, og Rogaland Bondelag har fått en del meldinger om økt spredning av denne langs kysten. Det er nå utarbeidet en hand-

lingsplan for nedkjemping av landøyda i Rogaland. Handlingsplanen er et samarbeid mellom regionale og lokale styresmakter, næringsliv og næringsorganisasjoner. Rogaland Bondelag vil blant annet bidra til å spre informasjon og kunnskap om planten, arrangere dugnad for å luke, samt utarbeide avtaler mellom bøndene og veieierne. I kampen mot landøyda sikrer avtalen at bonden gis rett til å nedkjempe planten også på veieiers grunn – om han/hun ser at det kan være hensiktsmessig.

Målet er å redusere bestanden av landøyda i Rogaland og hindre spredning til nye område, samt hindre skade på husdyr som følge av beiting på planten.

Fylkesstyret i 2020-21 har bestått av:

Marit Epletveit, Gjesdal, leder
Ole Martin Eikeland, Suldal, nestleder
Bente Gro M. Slettebø, Bjerkreim, styremedlem
May Britt Lode, Nærbø, styremedlem
Jakob Eskeland, Vats, styremedlem
Halvard Bøe, representant fra RBU
Astrid Hammersmark, representant fra RBK
Jon Tore Refve, Bore, 1. vara
Gunleif Haukalid, Forsand, 2. vara
Erik Øvrebø, Bokn, 3. vara



Sammen tar vi vare på det norske landbruket

I over 60 år har Norges Bondelag og Gjensidige jobbet tett sammen for å forebygge skader og forsikre gårdene i landet vårt.

Som medlem av bondelaget får du gode rabatter på privatforsikringer, driftforsikringer og pensjon hos Gjensidige. Du får:

- minst 20 % på alle privatforsikringer
- 20 - 40 % rabatt på landbruksforsikringer
- god pris på pensjonsordninger
- tilgang på Norges Bondelags Cyberforsikring

Ring Gjensidige på **915 03100** eller les mer på gjensidige.no/bondelaget



Jordvern

I 2020 vedtok fylkestinget siste del av Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke, og med det rekna me med at me hadde nådd ein ny milepel i jordvernet i sentrale Rogaland. Det skjedde diverre ikkje. I 2019 vart 772 daa dyrka og dyrkbar jord omdisponert, og sjølv om me ikkje har tala for 2020 klare enda, ser det ikkje ljost ut for om me har klart å få talet ned. I tillegg kjem planlegging av store prosjekt med enorme ringverknadar.

Val av E39 trasé

Ny E39 kjem til å ta store areal og dele opp mange eigedomar. Val av trasé er krevjande for bondelaga å jobbe med, då uansett kor vegen leggst vil nokon av våre medlemmar vorte skadelidande. Som prinsipp er me for traséen som tek minst areal.

Dobbeltspor på Jærbanen

Dobbeltspor Sandnes-Nærbø er eitt prosjekt under oppsigling. Me har saman med lokallaga og grunneigarane, gått for å nytte eksisterande trasé så godt som mogleg og



Lokal tog over Jæren. Forhåpentlegvis vil toga framover følgje same trasé. Foto: Bothild Å. Nordsletten.

at staten må utgreie om det kan vere aktuelt med lengre tog og perrongar framfor å bygge eitt ekstra spor.

Datalagringscenter

Jordvernsakar i Time har det òg vore ein del av. Særleg har me jobba mot å etablere eitt nytt datalagringscenter på Kvernaland, som vil ta enormt store areal med dyrka og dyrkbar jord og utmerka innmarksbeite. Me er klare på at beitene er særskilt viktige i Rogaland og er like grøderike som dyrka jord, og må målast deretter. Det skriv òg

SSB i sine retningslinjer. Men me har ikkje vorte høyrd av kommunen på dette. Me har delteke med på aksjonar på Bryne og møtt dei lokale grunneigarane og gruppa Vern Kvernaland som vil verte råka av prosjektet. Rogaland Bondelag har òg sponsa Vern Kvernaland med 10.000 for å få ein ny og nøytral konsekvensutgreiing. Det har og vore ein stor sak om areala Svertingstad-Re, men fylkeslaget har ikkje vore direkte involvert der. Rogaland Bondelag vil gje eldsjelane i begge sakane ein stor honnør for arbeidet dei har gjort.

Demonstrasjon mot utbyggingsplanane framføre Time Rådhus.



Tenning av varde i forbindelse med fakkeltog mot nedbygging av Kalberg.



Klimautvalet

Klimasaka er ein av våre viktigaste næringspolitiske saker. Den linja politikarane legg seg på, vil gje store og langvarige følgjer for jordbruket i Noreg. Då er det viktig at jordbruksnæringa legg ein hand på rattet, og er med på å ta styringa. Rogaland Bondelag har satt eit eige utval for klimasaka, for å styrke arbeidet med klima. Utvalets mål er å bidra til å løfte fram dei løysingane som gjer god agronomi og å styrka inntekt for bonden, framfor dei som gjer kostnad for bonden. Viktige grep er betre dyrehelse, betre grovfôrproduksjon, etablering og oppfølging av biogassprosjekt, betre gjødselhandtering og spreing av nyttig og praktisk kunnskap. Utvalet består av Ole Martin Eikeland, leiar, Arnfinn Auestad, Jørn Viste, Oddbjørn Øverland og Jens Marcussen.

Fylkeslaget og korona

2020 var det året då Rogaland Bondelag og alle andre organisasjonar i Noreg måtte ta årsplanen, krølle den saman og kaste den i papirdunken. Det har vore året der ingenting har gått etter planen, sjølv om me har hatt optimismen med oss, i alle fall fram til nyttår. Det første som vart avlyst var årsmøtet, det vart korta ned til eit digitalt minimum, utelukkande for å halde det formelle på plass. Så utgjekk ordinære jordbruksforhandlingar, det vart kronekrise, auka etterspørsel etter mjølk og bacon, og krevjande forhold for å hente inn utanlands arbeidskraft. Kontoret vart prega av heimekontor og ein eksistens basert på digitale møter.

Me haldt motet oppe og håpa på ein normal haust. I staden fekk me nye rundar med avlysingar av fysiske skattekurs, distriktsmøte og leiarmøte. Og enda meir heimekontor. Pandemien gav oss nye utfordringar og nye moglegheiter. No gjeld det for jordbrukets organisasjonar å klare å halde forbrukaranes merksemd på sjølvforsyning og verdien av rein og trygg mat. For organisasjonslivet gjer òg nye digitale verktøy moglegheiter for å halde digitale møter på tvers av lange fysiske avstandar. Men me skulle gjerne vore moglegheita foruten.

Distriktsmøta

Me klarte heldigvis å halde årets første distriktsmøte om jordbruksforhandlingane som planlagd, før koronaen herja landet.

Det var meget godt oppmøte på distriktsmøta på Bryne og Aksdal. I Bryne kan nok skuldast at møtet vart leia av leiarer i Noregs Bondelag, Lars Petter Bartnes, og i Aksdal av Bodhild Fjelltveit, styremedlem i Noregs Bondelag. Dei hadde mange spanande innspel og det var til tider god temperatur i salen. Lars Petter fortalte om kva Bondelaget gjer for dei ulike næringane og kva ansvar han som leiar føler for dei forskjellige. Han følte eit stort ansvar for næringane i Rogaland og ville gjerne ha innspel frå dei forskjellige lokallaga. Det fekk han, ikkje minst frå Søre Hå, som gav han eit innblikk i mjølkenæringa på Jæren.

Veldig stas at Rogaland renn over av engasjerte lokallags-leiarar. Dei har gitt Lars Petter mykje å tenkje på til han skal i forhandlingar med Staten utpå våren.

RingiROG

Prosjektet RingiROG er et samarbeid mellom Rogaland Bondelag, Mattilsynet, Nortura Agro, Fatland, Tine, Q-Meieriet, TYR Rogaland, Rogaland Veterinærforening, Veterinærinstituttet og Animalia. Det overordna målet med RingiROG er å assistere landbruksnæringen i Rogaland med å håndtere og kontrollere ringorm hos storfe, gjennom økt kunnskap, kompetanse og bevisstgjøring.

Resultatet av prosjektet vil være dokumenter som viser til kartlegging av nåværende kunnskap og erfaringer rundt ringorm forårsaket av *T. verrucosum* hos produksjonsdyr. I videreføringen av denne innsamlingen er produksjon av råd og veiledninger i form av prosedyrer, webinar, infobrev og fagartikler. Videreformidling av denne kunnskapen vil øke kunnskap og kompetanse hos målgruppene som vil føre til økt bevissthet rundt sykdommen, tidlig innsats og bedre oppfølging av produsenter som har fått påvist ringorm.

Rammetur, #komhit og Slåtte-TV

Når koronaen rammet landet, og grensene ble stengte, måtte nordmenn feriere innlands. Sydenvarmen ble byttet ut med vakre norske landskap og eviglange ferjekøer. Norges Bondelag hadde kampanjen #komhit der de oppfordret lokallagene til å «ramme inn» kulturlandskapet jordbruket produserer. Rogaland Bondelag benyttet anledningen til å sende kontoristene ut for å lage en sosial medier-kampanje, der vi tok med oss ei ramme og fotograferte utsikten i hvert lokallag sammen med en av de lokale tillitsvalgte. Dette var den andre sosiale medier-kampanjen vi hadde i løpet av året. I løpet av våren sendte vi vår feltreporter Oddvar Vignes for å dokumentere førsteslåttene, som ble sendt over Facebook. Det var en brakende suksess med tusenvis av visninger landet rundt.



Dyr på beite på Bore i Klepp kommune.



Serine Henriksen og dottera Magna synte fram Bjerkreim på biletleg vis.

Norges Bondelag

Årsmøtet i Norges Bondelag ble avholdt digitalt den 30. september 2020, og ble kortet ned til en dag istedenfor to dager, som har vært vanlig andre år. Rogaland-delegasjonen samlet seg derfor på Sola Strand Hotel, og fulgte møtet over storskjerm. Et digitalt møte åpnet også opp for nye muligheter, og alle interesserte kunne følge møtet direkte fra Bondelaget sine nettsider. En stor del av årsmøtet gikk ut på å behandle nytt næringspolitisk program som skal gjelde frem til 2024, og her hadde Rogaland Bondelag oppe tre forslag til endringer som ble nedstemt. Ellers var det knyttet stor spenning til valg av styremedlem for ett år, hvor Arthur Salte ble innstilt som valgnemnda sin kandidat. Det var et stort ønske blant flere fylker å få inn en representant fra grøntnæringen i styret, som førte til at Vestfold Bondelag nominerte Torleif Müller som benkeforslag. Det ble til slutt Arthur Salte som ble valgt inn som styremedlem, med 66,8 % av stemmene.

Ledermøte

I alt 69 personer deltok på det digitale ledermøte som ble avholdt den 13. november 2020. Invitasjonen gikk ut til alle styremedlemmene i tillegg til lokallagslederne. Ledermøtet ble innledet med leders tale ved fylkesleder Marit Epletveit, etterfulgt av aktuelle saker fra Norges Bondelag, presentert av Erling Aas Eng, styremedlem i Norges Bondelag. Leif Forsell, tidligere departementsråd i landbruksdepartementet holdt en god presentasjon om landbrukspolitikk der han formidlet blant annet viktigheten av å bruke riktig retorikk i kommunikasjonen ut mot folket. Avslutningsvis hadde Sigrun Pettersborg, Næringspolitisk sjef i Norges Bondelag et innlegg om veien mot Stortingsvalg. Det ble også lagt inn tid til innspill fra deltakerne som ledet til flere interessante diskusjoner.

Medlemsutviklinga

Ved utgangen av 2019 hadde me 6417 medlemmer i Rogaland Bondelag. Ved årsslutt 2020 hadde me 6319 medlemmar, ein nedgang på 98 medlemmar. Me verva 266 nye og mista 353. Det har vore eit krevjande år for mange, og mange sosiale arenaar der det har vore naturleg å verva nye medlemmar har falt ut. Fleire lag har gjort ein god verveinnsats til tross, som Sandnes, Orre, Bore og Vats. Ein stor honnør til alle vervarar i 2020!